# Utgreiing om alternative modellar for lektorutdanninga – konsekvensar for disiplinfaga, eksemplifisert med nordisk

[redacted]

[redacted] Enkeltperson – vitskapleg tilsett

Teksten her byggjer på «Redesign av lektorutdanninga ved UiB: modell-utkast» (rapport 1).

Eg detaljerer dei fire alternativa for HF/SV (der nr. 3 og 4 reelt er to ulike) **pluss alternativ 2 for MN**.

Det er fleire **ting som ikkje er spesifiserte** i dei alternative modellforslaga, der det vil ha konsekvensar kva ein vel.

- Skal ein halde fram med at både fag 1 og fag 2 tek 50 sp av dei 60 sp på det ordinære 100-nivået som bachelorstudentar og årsstudiestudentar tek?
- Skal bacheloroppgåva skrivast i fag 1 eller fag 2?
- Skal innføringsemne i fag 1 og fag 2 i 1. semester vere ordinære 100-nivåemne?

**I utgreiingane nedanfor legg eg desse vala til grunn:**

- Både fag 1 og fag 2 skal ta 50 sp av det ordinære 100-nivået.
- Dermed blir det 10 sp att som kan brukast til bacheloroppgåve i fag 2, samtidig som det er mogleg å legge oppgåva til fag 1 i staden.
- Innføringsemne skal vere ordinære 100-nivåemne som kan inngå i spesialisering. (I nokre av modellane er dette ein føresetnad for å komme opp i 60 sp i fag 2.)

Dersom vi framleis skal ha BA-program og årsstudium, har vi 30 sp haust og 30 sp vår på 100-nivået. No er det fordelt mellom litteratur og språk i kvart semester. Det kan sjølvsagt endrast på ulike måtar, men nedanfor **legg eg til grunn at det blir uendra**. Ved at eg spesifiserer emnekodar, blir eventuelle behov for endringar betre synlege, men eg diskuterer ikkje slike behov her.

I fleire modellar må ein velje om ein vil begynne med litteratur eller språk. **Eg har konsekvent valt litteratur. Det kan alltid gjerast omvendt**, ofte med det som konsekvens at motsett disiplin må dublere eller tilpasse undervisninga til praksis.

Eg legg vekt på desse spørsmåla:

A. I kva grad skal **fag 1 og fag 2 kombinerast i eitt og same semester**? For nordisk vil slik kombinasjon innebere at undervisning og eksamen i nordisk skal koordinerast med sju andre disiplinfag (engelsk, tysk, fransk, spansk, religion, historie, sosiologi) og i somme tilfelle dessutan med profesjonsfag – og ikkje berre på emnebasis, men for alle involverte lærarar. Dette er nok mogleg, men det er fleire store utfordringar.

- Timeplanlegginga må truleg bli meir sentralisert enn no, med mindre disiplinfagleg sjølvstyre. Det kan bli vanskeleg å handtere uventa endringar pga. t.d. sjukdom.

- Mange fag i same timeplan vil kunne føre til press for redusert undervisningsmengde. Det kan bety mindre gruppedeling og studentaktive læringsformer.
- Mange fag i same eksamensplan vil kunne føre til press for kortvarige eksamenar.

B. I kva grad vil modellane krevje **dublering** av eitt eller fleire emne? Dublering vil krevje redusert undervisning andre stader i porteføljen. I kva grad må emne **tilpassast til langpraksis**? Her er 100-nivået klart meir problematisk enn 200- og 300-nivået. Prosjektførebuingsemnet (8. semester) på nordisk held eg utanfor, ettersom det allereie er tilpassa.

C. I kva grad vil modellane krevje **ulik emnerekkjefølgje for fag 1 og fag 2**? Ulike emnerekkjefølgjer blokkerer for progresjon i løpet av 100-nivået. I kva grad vil **100- og 200-nivået overlappe i same semester**, med redusert moglegheit for progresjon?

## Oppsummering

Grønt betyr ingen problem. Varme fargar inneber problem: di mørkare, di vanskelegare.

Ver merksam på føresetnadene som er nemnde i innleiinga! Andre val kan gi annleis resultat.

| | | Modellalternativ | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Noverande | 1 | 2 | 3a | 3b | 4a | 4b | MN2 |
| Semester m. fag 1 + 2 | 1 | 3 | 2 | 1 | 0 | 2 | 2 | 0 |
| Dublering | nei | nei | 10 sp | 10 sp | 20 sp | nei | 10 sp | nei |
| Praksis-tilpassing* | 25 sp 300-nivå** | nei | nei | nei | nei | 10 sp 100-nivå | 10 sp 100-nivå | 10 sp 200-nivå |
| Emnerekkje-følgje 100-nivå | lik | ulik | lik | lik | ulik | lik | ulik | lik |
| 100 + 200 samtidig | nei | nei | ja | ja | ja | nei | nei | nei |

*Eit emne på 10 sp i 8. semester er halde utanfor her, jf. innleiinga.

**På nordisk er problemet løyst med eit nettbasert emne på 10 sp og emne på 15 sp med undervisning utanom praksisperioden.

Min konklusjon er **at alle alternativa for HF/SV er minst like eller meir problematiske enn gjeldande struktur**. Alternativ 2 for MN er **vesentleg betre, under dei føresetnadene som er skisserte nedanfor** m.o.t. fordeling av fag 1 og fag 2.

## Alternativ 1

A. Her er fag 1 og fag 2 kombinerte i **tre** semester:

- semester (haust), pluss pedagogikk
- semester (haust), pluss fagdidaktikk 1
- 6. semester (vår)

B. Det trengst **ikkje dublering**. Det er fire ulike måtar å fordele nordiskemne på (eg viser berre éin), men valet av éin av dei framfor andre har ikkje noko å seie for totaliteten.

C. I alle alternativa vil emnerekkjefølgja i nordisk som fag 1 bli **ulik** rekkjefølgja i nordisk som fag 2.

Nordisk som fag 1:

| Semester | | | | | | | Praksis |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10, V | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 9, H | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 8, V | PROSJEKT-FØREBUING | | DIDA 1 | | PEDA | | 35 |
| 7, H | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 6, V | NORDISK 200-EMNE | | | | FAG 2 | | 0 |
| 5, H | EXPHIL | | DIDA 2 | | PEDA | | 35 |
| 4, V | FAG 2 | | | | | | 0 |
| 3, H | NOSP105 | | FAG2 | | DIDA 1 | | 10 |
| 2, V | NOLI102 | | | NOSPAN101 | | | 0 |
| 1, H | NOLI103L | | FAG 2 | | PEDA | | 10 |

Nordisk som fag 2:

| Semester | | | | | | | Praksis |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10, V | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 9, H | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 8, V | FAG 1, EV. ANNA | | DIDA 1 | | PEDA | | 35 |
| 7, H | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 6, V | FAG 1 | | | | NORDISK 200-EMNE | | 0 |
| 5, H | EXPHIL | | DIDA 2 | | PEDA | | 35 |
| 4, V | NOLI102 | | | NOSPAN101 | | | 0 |
| 3, H | FAG 1 | | NOSP105 | | DIDA 1 | | 10 |
| 2, V | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 1, H | FAG 1 | | NOLI103L | | PEDA | | 10 |

## Alternativ 2

A. Her er fag 1 og fag 2 kombinerte i **to** semester:

- 3. semester (haust), pluss fagdidaktikk 1
- 6. semester (vår)

B. Her krev fag 2 eit **dublert** emne i 6. semester (oransje).

C. Emnerekkjefølgja kan bli **lik** i nordisk som fag 1 og fag 2. Men slutten av 100-nivået i fag 2 kjem **samtidig med 200-nivået**, og det hemmar progresjonen frå 100- til 200-nivået.

Nordisk som fag 1:

<table>
<tr><th>Semester</th><th></th><th></th><th></th><th></th><th></th><th></th><th>Praksis</th></tr>
<tr><td>10, V</td><td colspan="6">NORDISK 300-EMNE</td><td>0</td></tr>
<tr><td>9, H</td><td colspan="6">NORDISK 300-EMNE</td><td>0</td></tr>
<tr><td>8, V</td><td colspan="2">PROSJEKT-FØREBUING</td><td colspan="2">DIDA 1</td><td colspan="2">PEDA</td><td>35</td></tr>
<tr><td>7, H</td><td colspan="6">NORDISK 300-EMNE</td><td>0</td></tr>
<tr><td>6, V</td><td colspan="2">NORDISK 200-EMNE</td><td colspan="4">FAG 2</td><td>0</td></tr>
<tr><td>5, H</td><td colspan="2">EXPHIL</td><td colspan="2">DIDA 2</td><td colspan="2">PEDA</td><td>35</td></tr>
<tr><td>4, V</td><td colspan="6">FAG 2</td><td>0</td></tr>
<tr><td>3, H</td><td colspan="2">NOSP105</td><td colspan="2">FAG2</td><td colspan="2">DIDA 1</td><td>10</td></tr>
<tr><td>2, V</td><td colspan="3">NOLI102</td><td colspan="3">NOSPAN101</td><td>0</td></tr>
<tr><td>1, H</td><td colspan="2">NOLI103L</td><td colspan="2">EXFAC EL. ANNA</td><td colspan="2">PEDA</td><td>10</td></tr>
</table>

Nordisk som fag 2:

<table>
<tr><th>Semester</th><th></th><th></th><th></th><th></th><th></th><th></th><th>Praksis</th></tr>
<tr><td>10, V</td><td colspan="6">FAG 1</td><td>0</td></tr>
<tr><td>9, H</td><td colspan="6">FAG 1</td><td>0</td></tr>
<tr><td>8, V</td><td colspan="2">FAG 1, EV. ANNA</td><td colspan="2">DIDA 1</td><td colspan="2">PEDA</td><td>35</td></tr>
<tr><td>7, H</td><td colspan="6">FAG 1</td><td>0</td></tr>
<tr><td>6, V</td><td colspan="2">FAG 1</td><td colspan="2">NOSP1XX</td><td colspan="2">NORDISK 200-EMNE</td><td>0</td></tr>
<tr><td>5, H</td><td colspan="2">EXPHIL</td><td colspan="2">DIDA 2</td><td colspan="2">PEDA</td><td>35</td></tr>
<tr><td>4, V</td><td colspan="3">NOLI102</td><td colspan="3">NOSPAN101</td><td>0</td></tr>
<tr><td>3, H</td><td colspan="2">FAG 1</td><td colspan="2">NOLI103L</td><td colspan="2">DIDA 1</td><td>10</td></tr>
<tr><td>2, V</td><td colspan="6">FAG 1</td><td>0</td></tr>
<tr><td>1, H</td><td colspan="2">FAG 1</td><td colspan="2">EXFAC EL. ANNA</td><td colspan="2">PEDA</td><td>10</td></tr>
</table>

## Alternativ 3a – med fag 2 i 1. semester

A. Her er fag 1 og fag 2 kombinerte i **eitt** semester:

- 1. semester (haust), pluss pedagogikk

B. Her òg finst det alternative måtar å begynne på, med litteratur eller språk. Eitt 100-emne på 10 sp må **dublerast** for nordisk som fag 2.

C. Emnerekkjefølgja **kan bli den same** dersom nordisk som fag 1 og fag 2 begynner med same disiplin. Men for både fag 1 og fag 2 kjem slutten av 100-nivået i **same semester som 200-nivået**, og det hemmar progresjonen.

Nordisk som fag 1:

| Semester | | | | | | | Praksis |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10, V | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 9, H | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 8, V | PROSJEKT-FØREBUING | | DIDA 1 | | PEDA | | 35 |
| 7, H | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 6, V | NORDISK-EMNE | | FAG 2 | | | | 0 |
| 5, H | EXPHIL | | DIDA 2 | | PEDA | | 35 |
| 4, V | FAG 2 | | | | | | 0 |
| 3, H | NOSP105 | | NORDISK 200-EMNE | | DIDA 1 | | 10 |
| 2, V | NOLI102 | | | NOSPAN101 | | | 0 |
| 1, H | NOLI103L | | FAG 2 | | PEDA | | 10 |

Nordisk som fag 2:

| Semester | | | | | | | Praksis |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10, V | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 9, H | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 8, V | FAG 1 EL. ANNA | | DIDA 1 | | PEDA | | 35 |
| 7, H | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 6, V | FAG 1 | | NOSP1XX | | NORDISK 200-EMNE | | 0 |
| 5, H | EXPHIL | | DIDA 2 | | PEDA | | 35 |
| 4, V | NOLI102 | | | NOSPAN101 | | | 0 |
| 3, H | FAG 1 | | | | DIDA 1 | | 10 |
| 2, V | FAG 1 | | | FAG 1 | | | 0 |
| 1, H | FAG 1 | | NOLI103L | | PEDA | | 10 |

## Alternativ 3b – utan fag 2 i 1. semester

A. Her er fag 1 og fag 2 **aldri kombinerte** i same semester.

B. Nordisk som fag 2 krev **dublering av heile 20 sp** på 100-nivået.

C. Nordisk som fag 1 og fag 2 får **ulik** emnerekkjefølgje. Slutten av 100-nivået kjem **samtidig med 200-nivået** i både fag 1 og fag 2.

Nordisk som fag 1:

<table>
<tr><th>Semester</th><th></th><th></th><th></th><th></th><th></th><th></th><th>Praksis</th></tr>
<tr><td>10, V</td><td colspan="6">NORDISK 300-EMNE</td><td>0</td></tr>
<tr><td>9, H</td><td colspan="6">NORDISK 300-EMNE</td><td>0</td></tr>
<tr><td>8, V</td><td colspan="2">PROSJEKT-FØREBUING</td><td colspan="2">DIDA 1</td><td colspan="2">PEDA</td><td>35</td></tr>
<tr><td>7, H</td><td colspan="6">NORDISK 300-EMNE</td><td>0</td></tr>
<tr><td>6, V</td><td colspan="6">FAG 2</td><td>0</td></tr>
<tr><td>5, H</td><td colspan="2">EXPHIL</td><td colspan="2">DIDA 2</td><td colspan="2">PEDA</td><td>35</td></tr>
<tr><td>4, V</td><td colspan="6">FAG 2</td><td>0</td></tr>
<tr><td>3, H</td><td colspan="2">NOSP105</td><td colspan="2">NORDISK 200-EMNE</td><td colspan="2">DIDA 1</td><td>10</td></tr>
<tr><td>2, V</td><td colspan="3">NOLI102</td><td colspan="3">NOSPAN101</td><td>0</td></tr>
<tr><td>1, H</td><td colspan="2">NOLI103L</td><td colspan="2">EXFAC EL. ANNA</td><td colspan="2">PEDA</td><td>10</td></tr>
</table>

Nordisk som fag 2:

<table>
<tr><th>Semester</th><th></th><th></th><th></th><th></th><th></th><th></th><th>Praksis</th></tr>
<tr><td>10, V</td><td colspan="6">FAG 1</td><td>0</td></tr>
<tr><td>9, H</td><td colspan="6">FAG 1</td><td>0</td></tr>
<tr><td>8, V</td><td colspan="2">FAG 1 EL. ANNA</td><td colspan="2">DIDA 1</td><td colspan="2">PEDA</td><td>35</td></tr>
<tr><td>7, H</td><td colspan="6">FAG 1</td><td>0</td></tr>
<tr><td>6, V</td><td colspan="2">NOLI1XX</td><td colspan="2">NOSP1XX</td><td colspan="2">NORDISK 200-EMNE</td><td>0</td></tr>
<tr><td>5, H</td><td colspan="2">EXPHIL</td><td colspan="2">DIDA 2</td><td colspan="2">PEDA</td><td>35</td></tr>
<tr><td>4, V</td><td colspan="3">NOLI102</td><td colspan="3">NOSPAN101</td><td>0</td></tr>
<tr><td>3, H</td><td colspan="4">FAG 1</td><td colspan="2">DIDA 1</td><td>10</td></tr>
<tr><td>2, V</td><td colspan="6">FAG 1</td><td>0</td></tr>
<tr><td>1, H</td><td colspan="2">FAG 1</td><td colspan="2">EXFAC EL. ANNA</td><td colspan="2">PEDA</td><td>10</td></tr>
</table>

## Alternativ 4a – med fag 1 i 1. semester

A. Her er fag 1 og fag 2 kombinerte i **to** semester:

- 3. semester (haust), pluss fagdidaktikk 1
- 6. semester (vår)

B. Det er **ikkje** behov for dublering, men i nordisk som fag 2 må eit 100-nivåemne på 10 sp **tilpassast praksis**.

C. Emnerekkjefølgja **kan bli lik** for nordisk som fag 1 og fag 2.

Nordisk som fag 1:

| Semester | | | | | | | Praksis |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10, V | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 9, H | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 8, V | PROSJEKT-FØREBUING | | DIDA 1 | | PEDA | | 35 |
| 7, H | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 6, V | NORDISK 200-EMNE | | NORDISK-EMNE | | FAG 2 | | 0 |
| 5, H | FAG 2 | | DIDA 2 | | PEDA | | 35 |
| 4, V | FAG 2 | | | | | | 0 |
| 3, H | NOSP105 | | FAG 2 | | DIDA 1 | | 10 |
| 2, V | NOLI102 | | | NOSPAN101 | | | 0 |
| 1, H | NOLI103L | | EXPHIL | | PEDA | | 10 |

Nordisk som fag 2:

| Semester | | | | | | | Praksis |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10, V | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 9, H | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 8, V | FAG 1 | | DIDA A | | PEDA | | 35 |
| 7, H | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 6, V | FAG 1 | | | | NORDISK 200-EMNE | | 0 |
| 5, H | NOSP105 | | DIDA 2 | | PEDA | | 35 |
| 4, V | NOLI102 | | | NOSPAN101 | | | 0 |
| 3, H | FAG 1 | | NOLI103L | | DIDA 1 | | 10 |
| 2, V | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 1, H | FAG 1 | | EXPHIL | | PEDA | | 10 |

## Alternativ 4b – utan fag 1 i 1. semester

A. Her er fag 1 og fag 2 kombinerte i **to** semester:

- 3. semester (haust), pluss fagdidaktikk 1
- 6. semester (vår)

B. Det trengst **dublering** for nordisk som fag 1, 10 sp på 100-nivå. Eit emne i nordisk som fag 2 må **tilpassast praksis**, 10 sp på 100-nivå.

C. Emnerekkjefølgja blir **ulik** for nordisk som fag 1 og fag 2.

Nordisk som fag 1:

| Semester | | | | | | | Praksis |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10, V | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 9, H | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 8, V | PROSJEKT-FØREBUING | | DIDA 1 | | PEDA | | 35 |
| 7, H | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 6, V | NOSP1XX | | NORDISK 200-EMNE | | FAG 2 | | 0 |
| 5, H | FAG 2 | | DIDA 1 | | PEDA | | 35 |
| 4, V | FAG 2 | | | | | | 0 |
| 3, H | NOLI103 | | FAG 2 | | DIDA 1 | | 10 |
| 2, V | NOLI102 | | | NOSPAN101 | | | 0 |
| 1, H | EXFAC | | EXPHIL | | PEDA | | 10 |

Nordisk som fag 2:

| Semester | | | | | | | Praksis |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10, V | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 9, H | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 8, V | FAG 1 EL. ANNA | | DIDA 1 | | PEDA | | 35 |
| 7, H | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 6, V | FAG 1 | | | | NORDISK 200-EMNE | | 0 |
| 5, H | NOSP105 | | DIDA 2 | | PEDA | | 35 |
| 4, V | NOLI102 | | | NOSPAN101 | | | 0 |
| 3, H | FAG 1 | | NOLI103L | | DIDA 1 | | 10 |
| 2, V | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 1, H | EXFAC | | EXPHIL | | PEDA | | 10 |

## Alternativ 2 for MN

A. **Dersom** ein har fag 1 i 1. og 2. semester og fag 2 i 3. og 4. semester, **unngår** ein å kombinere fag 1 og fag 2 i same semester.

B. Det er **ikkje** behov for dublering. Men om ein fullfører fag 2 i 5. semester (slik eg har gjort det her), må 200-emnet **tilpassast praksis**.

C. Emnerekkjefølgja blir **lik** for nordisk som fag 1 og fag 2.

Noko som skil denne modellen frå dei andre, er at **prosjektførebuing** kjem i 7. semester (om ein ikkje har kortare masteroppgåve og legg det til 9. semester).

Nordisk som fag 1:

| Semester | | | | | | | Praksis |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10, V | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 9, H | NORDISK 300-EMNE | | | | | | 0 |
| 8, V | DIDA 1 | | DIDA 2 | | PEDA | | 35 |
| 7, H | NORDISK 300-EMNE (INKL. PROSJEKTFØREBUING?) | | | | | | 0 |
| 6, V | NORDISK 200-EMNE | | | | | | 0 |
| 5, H | EXPHIL | | FAG 2 | | PEDA | | 35 |
| 4, V | FAG 2 | | | | | | 0 |
| 3, H | FAG 2 | | | | DIDA 1 | | 10 |
| 2, V | NOLI102 | | | NOSPAN101 | | | 0 |
| 1, H | NOLI103L | | NOSP105 | | PEDA | | 10 |

Nordisk som fag 2:

| Semester | | | | | | | Praksis |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10, V | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 9, H | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 8, V | DIDA 1 | | DIDA 2 | | PEDA | | 35 |
| 7, H | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 6, V | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 5, H | EXPHIL | | NORDISK 200-EMNE | | PEDA | | 35 |
| 4, V | NOLI102 | | | NOSPAN101 | | | 0 |
| 3, H | NOLI103L | | NOSP105 | | DIDA 1 | | 10 |
| 2, V | FAG 1 | | | | | | 0 |
| 1, H | FAG 1 | | | | PEDA | | 10 |